

Årsmelding 2011

Velledalen I.L.



Sakliste:

1. Godkjenne sakliste og møteinnkalling
2. Val av to repr. til å skrive under protokoll
3. Val av skrivar og møteleiar
4. Årsmeldingar
5. Rekneskap
6. Innkomne saker
7. Val

Årsmelding – Hovudstyret 2011

STYRET 2011

Atle Hole, leiar
Geir Helge Grebstad, nestleiar
Asgeir Rausand, kasserar
Ove Skylstad, sekretær
Elisabeth Urke, Ullmax-ansvarleg
Marit Hole, styremedlem
Irene Johansen, styremedlem

Vara: Linn Tove Akselvoll (1.vara),

Laget har i arbeidsåret halde sju styremøte. Frammøtet noko ujamt. Som vanleg har gruppeleiarar, idrettsskuleleiar og 1. vara vorte kalla inn til møta. 45 saker er handsama i arbeidsåret. At styret i 2010 vart utvida til sju personar har fungert positivt. Sjølv om frammøtet på styremøta har vore variabelt, har innsatsen under ulike arrangement stort sett vore god. Like eins frammøtet.

MEDLEMSTAL:

Medlemstalet viser pluss 13 i høve til 2010, med eit samla medlemstal på 192, æresmedlemar inkludert. Vi har dette året sterk vekst i aldersgruppa 6-12 år (idrettsskulen), noko som er viktig med tanke på aktivitetsmidlane. Men som vi ser ligg vi litt bak dei gode tala for perioden 2007-2009.

	0-5	6-12	13-19	20-25	26+	Sum
2001	13	34	25	2	75	149
2002	14	51	24	1	100	190
2003	17	49	26	3	98	193
2004	15	43	29	2	98	187
2005	8	41	31	0	83	163
2006	7	62	29	4	94	196
2007	8	51	41	6	138	244
2008	11	48	35	5	132	231
2009	11	42	44	9	125	231
2010	10	23	27	7	112	179
2011	7	44	23	3	115	192

Laget har sju æresmedlemar, seks menn og ei kvinne. Éin over 90 år, to 80-90, éin 70-80, tre 50-60.

ØKONOMISK VELSTAND

Økonomien er, nær sagt som vanleg siste åra, solid. Viser til reknskapstala, men nemner at største inntektskjelda siste året var Førjulsmessa med drygt 65 000 kroner netto (delt på to). Grasrotmidlane gav fine 23 656 kroner, og Aktivitetsmidlane var på kr 16 095 (nedgang grunna lavt medlemstal 6-12 i fjor).

Oversikt over grasrotkroner og grasrotspelarar ved utgangen av året (i parentes):

2009: 15 736 (55)

2010: 23 248 (73)

2011: 23 656 (76)

Elles har vi fått gåvemidlar:

Kr. 15 000,- frå Sparebanken Møre (til lydanlegg)

Kr. 10 000,- frå Ekornes, som dei største.

Men det er ikkje vanskeleg å få brukt pengane. To prosjekt er no under oppsigling som er naturleg at VIL går relativt tungt inn i, nemleg lysløypa i Ladalen der trinn 1 er meint vere ferdig komande haust, og Dalaråsa – tursti for sykkel, gang og jogging.

I samband med økonomi, må óg nemnast at Asgeir har ordna naudsynte papir slik at laget no er inne i det gode selskap med omsyn til momskompensasjon. Det betalte seg med 6010 kroner inn på konto med grunnlag i reknskapsåret 2011.

Lokale firma som Holmberg gartneri, Morten Holmberg, Hole Maskiner og har vore solide støttespelarar i 2010. I tillegg har ei lang rekkje firma og Organisasjonar bidrege med premiestøtte til arrangement som Konradløp, Det Store Folkerennet, Fetvatnet Rundt og Fjellsæterrunden. Stor takk til premiekomitéen for ein kjempejobb på dette feltet!

ULLMAX

Sal av ullmaxunderty vart starta andre halvår 2006, etter at Morten Holmberg hjelpte oss gjennom nålauget. VIL sit att med om lag 30 prosent av salssummen. Elisabeth har gjort ein kjempeinnsats på dette feltet i 2011 (som i 2010). VIL hadde eigen stand under Førjulsmeffa, drifta av Elisabeth, med godt sal. Velledalen IL sit att med ca 30 prosent av salssummen.

ARRANGEMENT

VIL har hatt mange arrangement siste året, noko som er breiare skildra i gruppene sine årsmeldingar. Av arrangement som etter kvart har vorte meir eller mindre faste nemner vi:

GRILLKVELD BRUNSTADSÆTRA
FJELLSÆTERRUNDEN
MINIKONRAD
KONRADLØPET
KOLDABAKKEN GRAND PRIX
DET STORE FOLKERENNET
FETVATNET RUNDT (5 års jubileum i 2010)
AKTIVITETSDAG
RAMSTADDALSLØPET
FØRJULSMESSA

I tillegg kjem fleire mindre aktivitetar, renn og arrangement som vil variere frå år til år.

Arrangement som ikkje har blitt avvikla i 2011

DEN STORE SILDEDAGEN (samla 281 matglade i 2008)
ROMJULSMARSJ (straumlaust på grunn av orkan)
TOUR DE SYKKYLVEN
KONRAD EXTREM
TIPPELAG

ANLEGG

I 2010 skreiv Velledalen IL og VRF under ein ny avtale vedkomande Dalemyra grasbane. Denne avtalen gjeld enno. Under juleorkanen gjekk det hardt utover skog (rotvelt) og reklameskilt (ikkje våre). Heldigvis gjekk kioskane og grasklippargarasja klar. Når det gjeld skogen har Einar Fet kapp opp denne, slik at det no er trygt og framkomeleg over VIL sin grunn. I skrivande stund står det att litt oppryddingsarbeid (greiner og liknande).

REPRESENTASJON

I «Lag på lag» var Anne Britt Hammer VIL sin representant fram til Årsmøtet 2010. Då gjekk ho ut av styret og fekk avløysing av Samskipnaden har hatt ei rekkje arrangement for å skaffe pengar til Velledalen grendahus.

Odd Kåre Fet representerer Velledalen IL i styret i Sykkylven Idrettsråd.

STORT & SMÅTT

Klubbarket Stort & Smått har berre kome ut med to nummer i 2011. Beklageleg lite, ettersom det vert sett særleg pris på av personar som ikkje nyttar seg av data. Grunnen til så få nummer er at arbeidet med VIL si heimeside har blitt prioritert høgare

HEIMESIDA

VIL fekk eiga heimeside i desember 2007. Den ligg som link under www.velledalen.net. Sida har heile tida hatt god utvikling, med ein auke i antal treff siste året på 45 prosent. I 2011 vart det lagt ut 376 ulike saker, mot 294 i 2010. Nettsida er drifta av Liv og Atle Hole. Utviklinga år for år ser slik ut:

2008: 4 169 treff

2009: 13 815

2010: 19 164

2011: 27 659

Gruppene/idrettsskulen må bli enno flinkare til å bruke sida. Alle resultat og nyhende bør meldast. Kjem alt med, er sida ei god hjelpkjelde når gruppene skal skrive årsmeldingane sine.

«KLUBBEN I MITT HJERTE»

Velledalen IL vart nok ein gong best av idrettslaga i Sykkylven kommune i Dagbladkåringa «Klubben i mitt hjerte». På fylkesnivå kapra vi delt tredjeplass (med Skodje IL) i klassa for fleiridrettslag under 500 medlemmar. Valldal IL var best frå Møre og Romsdal med Stordal IL på andreplass. Velledalen IL kapra 38 stemmer i 2011. Mindre enn året før, men likevel meir enn dei andre idrettslaga i Sykkylven kommune til saman (27 stemmer). Eit prov på at patriotismen lever!

OPPSUMMERING

2011 har vore eit solid år. Stort sett god oppslutning, men utandørsarrangementa er sjøvsagt prispjevne vêr og vind. Minuset er at begge våre to seriøstsatsande utøvarar under 20 år (Hilde og Kenneth) har trappa ned dette året. Men gledeleg nok har Kjell Magnar kome for fullt, med ein svært lovande fyrste-sesong som idrettsmann. I skrivande stund er Kjell Magnar vår einaste hardtsatsande under veteranalder. Vi har fått innmelding av Jo André Tandstad i 2011, og mot slutten av året gav Eldar Kurseth signal om at han ville bli VIL-medlem.

Idrettsskulen held stand og er inne i sin 20. sesong. Dette jubileumet vart markert i 2011. Målet må likevel vere å få ein meir aktiv barneidrett i laget. Det er å vone at den nye lysløypa kan blåse nytt liv i skirekutteringa og at friidrettsgruppa kan kome i gang med eit opplegg for yngre.

Vi er framleis sterke på arrangementsida med mange gode tilskipingar under trim&trivsel-fana . Alle arrangementa våre er slik at ingen vert stengde ute. Her kjem småborn, foreldre og besteforeldre side om side (jmf årets Ramstaddalsløp). Dette er styrken vår og vi har hausta mykje ros for dette.

Det er ikkje tilfeldig at VIL har like mange grasrotspelarar som VRF, Velledalskoret og Velledalen skulekorps tilsaman, noko som ville vore heilt utenkjeleg for berre 10-15 år sidan. Dette har med omdømebygging å gjere. Her har vi sterke kort i Romjulsmarsjen, Ramstaddalsløpet, Konradløpa, Fetvatnet Rundt, Grillkveld på Brunstadsætra og Det Store Folkerennet – berre for å nemne nokre.

IDRETTSGALLA

15.januar 2012 vart det halde idrettsgalla med utdeling av prisar for året 2011. Desse prisane vart delte ut:

«Årets Utøvar 2011»: Kjell Magnar Berli

«Folket sin idrettspris 2011»: Kjell Magnar Berli

«Årets trimpostvinnar 2011»: Vigdis Fure

«Årets veteran»: Olaf Øien

«Årets tvekamp»: Elling og Frank Hole – kampen om Myrdalsfjellet

«Årets seljar»: Elisabeth Urke

«Årets jubilar»: Paul Hole og Jon C. Brunstad – 60 år sidan KM-triumf 4x10 km stafett

«Årets maur»: Svein Arne Nakken

«Årets innflyttar»: Alf Petter Bøe

«Årets mest usynlege»: Liv Nordli Hole.

I tillegg vart det delt ut premie til dei ulike trimpostvinnarane, og til dei tre beste samanlaget. Ikkje mindre enn tre filmar til musikk frå idrettsåret 2011 vart vist, i ei sosial ramme med kaffi, brus, kake og god prat.

Hovudstyret takkar dei mange som har gjort store og små innsatsar for VIL i året 2011.

Takka vere alle gode hjelparane kan vi nok eit år slå fast at vi langt på veg har levert den vara vi held som viktigast; TRIM og TRIVSEL til alle lag av folket

For Hovudstyret

Atle Jomar Hole
leiar